

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
026/23	Formannskapet	PS	03.05.2023
031/23	Heradsstyret	PS	10.05.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Olaf Michal Hella	23/1168

Kvalitetsmelding for skule 2022

Vedlegg:

Tilstandsrapport for grunnskolen - 2023 (1)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvalitetsmelding vert teken til vitande

Formannskapet - 026/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Kvalitetsmelding for skule vert teken til vitande

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Heradsstyret skal årleg vurdere kvaliteten i grunnskulen med etter opplæringslova § 13-3e. I vedlagt rapport er det sett opp mål og analysar av resultatoppgåing i skulane. Det er gjort analysar i skulane og på kommunenivå.

Bakgrunn

Som ein del av internkontrollen og kvalitetsutvikling i skulen skal ein jamleg analysere og setje inn tiltak for å gje likeverdige tilbod om opplæring til alle innbyggjarane i kommunen. Som ein del av arbeidet skal alle som arbeider med elevane delta i vurderingane og ein skal saman setje tiltak som er målretta. Skulane har innsyn i rapporten og har vore med å setje mål for skulane. Data i kvalitetsmeldinga må sjåast i samanheng med systemet for vurdering av kvalitet i opplæringstilbodet.

Tendensar i kvalitetsmeldinga

- Undervisinga vert i stor grad gitt av lærarar som har godkjend utdanning.
- Elevane svarer på elevundersøkinga stort sett som nasjonalt snitt på 7. trinn, medan dei svarar at dei har det betre på skulen siste året enn landsnittet.
- Vi manglar data på kor mange som melder frå om at dei er mobba på dei kommunale skulane.
- Det er for mange elevar på lågaste meistringsgrad på nasjonale prøvar i 5. trinn. Det er spesielt lesing som uroar rådmannen.

- Elevane føl forventet progresjon frå 5.-8. trinn
- På ungdomstrinnet ser vi at elevane har meir utvikling i læreresultata både på nasjonal prøve på 9. trinn og elevane går ut med høgare grunnskulepoeng enn landssnittet.
- Vi har gjennomføringsgrad i vidaregåande skule rett under fylkessnittet og mål for fylke.

Vurdering

Rådmannen ser at det framleis er for stor variasjon i resultata mellom elevgruppene. Det trengs å arbeide meir systematisk med kvalitetsoppfølginga. Som ein del av arbeidet må tilsette involverast i resultatvurderingane. Det er størst uro i forhold til resultata tidleg i skuleløpet, og innsatsen må ha størst fokus på korleis ein kan betre lesekompetansen, motivasjon og elevmedverknad i skulane.

Konklusjon

Kvalitetsmeldinga vert teken til vitande. Osterøy kommune føl opp læringsresultat på alle nivå gjennom strategien og kvalitetsoppfølgingssystemet -Osterøy på sitt beste. Oppfølginga skal sikre at ein vurderer kvalitet i opplæringa og at det vert sett inn tiltak tidleg.